



Vår dato:

29.04.2022

Vår ref:

2021/7188

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

## Oppstart av frivillig skogvern på Osøyra, Kinn kommune

Etter dialog med grunneigar melder vi formell oppstart av skogvernprosess i Osen i Kinn kommune, Vestland. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Tilbodsområdet Osøyra er lokalisert på gards- og bruksnummer 89/1 i Kinn kommune. Arealet er eidd av ein privat grunneigar som har signert tilbod om vern av eigedomen som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Vi melder oppstart av verneprosess for eit areal med storlek på 8757 dekar.

### Eit uvanleg stort tilbodsområde

Området ligg på fastlandet i den sørlege delen av gamle Flora kommune, sør for Eikjefjord. Arealet er uvanleg stort i skogversamanheng, og går frå 0 til 400 meter over havet på begge lisidene av Oselva/dalføret. Vegetasjonssonan er sørboreal og mellomboreal, men enkelte artsfunn syner slektskap med vintermild seksjon og boreonemoral sone. Vegetasjonsseksjonen er sterkt oseanisk. Berggrunnen er i hovudsak kalkfattig, men enkelte stader er det registrert meir kalkrike forhold. Området er uvanleg nedbørsrikt med årleg truleg meir enn 2500 mm nedbør og over 240 nedbørsdagar, noko som gjev gunstige vilkår for fuktkrevjande artar.

### Viktige naturverdiar i regnskogen

Det aktuelle tilbodsområdet er stort, kystnært, variert og kupert. Biologar kartla og laga avgrensingane [Osøyra](#) og [Leirvågstolen](#) i samband med kystskogkartlegginga i 2016. Innanfor tilbodsarealet er det avgrensa 8 naturtypelokalitetar av ulik storlek. To av disse er store, gamle tre av eik, der den eine har eit stort, ope holrom. Fem av naturtypelokalitetar er av regnskog, og ein er med gammal, boreal lauvskog. Vi har grunn til å tru at avgrensinga av enkelte av naturtyperegistreringane kan være større i terrenget enn kartet viser. Dette grunna vanskelege feltforhold med mykje nedbør, særleg vest for Sagelva, noko som er omtalt i rapporten for Osøyra.

### Internasjonalt ansvar for vestnorsk regnskog

Dei mange lokalitetane av vestnorsk regnskog i tilbodsområdet er spesielt, då det både er fattig boreal fururegnskog og gammal kystfuruskog i blanding. Vestnorsk regnskog er ein skogtype Norge har eit særleg forvaltingsansvar for, og som dermed også gjer området verneverdig. Det er registrert



fleire sjeldne, trua og sårbare artar, som til dømes fossegrimemose og praktdraugmose. Det er gjennomgåande eldre skog, og vi er trygge på at det er fleire raudlista artar enn det som er registrert, særleg knytt til gammal/død furu. Osøyra har kvalitetar også knytt til storleiken på området. Gamle Flora kommune er eit viktig område for regnskog i Noreg, og lokalitetane på Osøyra er ein del av eit større nettverk av regnskogskvalitetar.

### Tilbodsområdet Osøyra dekker viktige manglar i skogvernet

For det kartlagde området Leirvågstølen i nordaust av tilbodsarealet støttar vi vurderinga gjort av Jordal (2017). Med grunnlag i mangelanalysane for skogvern (Fremstad m.f. 2002, 2003, 2010) så dekker tilbodsområdet godt opp viktige manglar i skogvernet i fylket knytt til regnskog. Dette gjeld underkategoriane oseanisk furuskog (boreal regnskog med furu) og kystbjørkeskog (fattig boreonemoral regnskog). Området får 3 poeng i kartlegginga, noko som tilseier regionalt verdifullt, men ein etterlyser samstundes meir undersøkingar for å fange opp fleire kvalitetar.

For arealet som i kartlegginga blir omtalt som Osøyra, så støttar vi oss på vurderingane frå Gaarder (2016). Innslaget av regnskogsartar er høgt til å ligge så langt nord og for enkelte artar er det både geografiske interessante registreringar og nasjonalt viktige bestandar. Området fangar opp viktige manglar knytt til regnskog, både for oseanisk furuskog (boreal regnskog med furu) og for kystbjørkeskog (fattig boreonemoral regnskog). Området får 4 poeng i kartlegginga, noko som tilsvrar regional til nasjonal verdi.

### Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing om å redusere tap av naturmangfold, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med litt over 3 prosent av skogen i fylket verna i løpet av 2021, er vi enno langt unna dette målet i Vestland, men med eit vern av Osøyra som naturreservat vil ein komme litt nærmare målet.

### Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om området på Osøyra som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt og fangst, og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær. Turstiar og andre eksisterande anlegg som er i området skal òg kunne haldast ved like. Kulturminne kan bli restaurert og ivaretake i samråd med kulturminnemynde. Delar av området er tilplanta med gran, og småplanter er begynt å spreie seg utover plantefelta. Desse områda har vi som mål å restaurere tilbake til naturskog, i tråd med det grunneigar også ønskjer. Det er stor friluftsaktivitet i tilbodsområdet i jakttida. Området er relativt urørt av tekniske inngrep.

### Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og deltema kan bli så opplyst som mogleg. Vi foreslår namnet Osøyra på det 8757 dekar store området, men Språkrådet kan ha tungtvegande innspel til dette spørsmålet. Når alle innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring.

Send innspel til oppstartsmeldinga med brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlp@statsforvalteren.no](mailto:sfvlp@statsforvalteren.no) innan **26. mai 2022**.



Meir informasjon, samt bilete av tilbodsområdet på Osøyra, finn du på [nettstaden](#) vår under tema "miljø og klima". Vi har også ei eiga temaside om [frivillig skogvern](#) med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjoner som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle mangler i adresselista til sakshandsamar på e-post [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)

Med helsing

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

## Maria Knagenhjelm seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Vedlegg:

- ## Utkast til verneforskrift Osøyra\_Kinn Framlegg til vernekart Osøyra\_Kinn

Kopi til:

NORSKOG

Postboks 123 Lilleaker

0216

OSLO



Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Det norske skogselskap			
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Hans Terje Anonsen	Svardalsvegen 1147	6940	Eikefjord
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
FLORA BONDELAG	v/Liv S Lono	6919	TANSØY
FLORA JEGER & FISKERFORENING	Postboks 381	6902	FLORØ
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO



Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vikå	0115	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
FLORA CYKLEKLUBB	c/o Per Ståle Vågene Brandsøyvegen 93	6908	FLORØ
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vikå	0114	OSLO
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
FLORA SKOGEIGARLAG	v/Anne-Karin Kleiven Rynning Klauvene	6913	FLORØ
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
FLORA TURLAG	Postboks 365	6902	FLORØ
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset,	0183	OSLO



	Marieboesgate 8	
FLORA TURLAG	Postboks 365	6902 FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441 TRONDHEIM
Avinor	Postboks 150	2061 GARDERMOEN
NHO Reiseliv	Postboks 5465	0305 OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Majorstuen	
Statens Kartverk	Postboks 94	1378 NESBRU
Statnett SF	Postboks 600 Sentrum	3507 HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
FLORA IDRETTSLAG	Postboks 200 Lilleaker	0216 OSLO
		7525 FLORNES